

Innspel budsjett 2026 – anonym

Eg ser formannskapet vil at politikarane også skal være med på kutte-dugnaden med å redusere godtgjersla til politikarane med 150 000. Eg har også fått med meg at dei siste året ikkje er villege til å redusere på antal medlemar i råd/utval, eller å kutte ut enkelte utval.

Sidan denslags kutt ikkje er ønska vil eg gjerne føreslå at dokke ser på dei politikarane som faktisk får “store summar” frå kommuna. Eg tenker då spesielt på varaordføraren som får ei godtgjersle på 1,9G som tilsvarar litt over 250 000 i året. Det er faktisk ei halv årsløn for mange av oss. Brukar verkeleg varaordføraren so mykje tid på dette vervet at det kan forsvarast i ei ROBEK-kommune?

Ordføraren får sjølvsagt endå meir, men det vervet er jo også ei stilling som fortjena å få ei godt betalt årsløn i betaling. Men kva no om ordførar går ned med 5% i lønn? Dette tilsvarar vel litt over 50 tusen? Og forstatt er jo løna ganske so bra?

Kuttar vi so godtgjersla til varaordføraren, som eg meina er eit ekstremt godt betalt verv i ei bankerott kommune, med 100 000 so er vi allereie i mål på formannskapet sitt ønske. Desse pengane skal etter FSK sitt ønske gå uavkorta til born og unge.

Sjølv vil eg føreslå at politikarane I TILLEGG kuttar ned antal folkevalte i dei ulike råda til minimumskravet, samt legg ned alle råd og utval som ikkje er lovpålagt å ha. Og, berre ein tanke, men kanskje kan dei sparte pengane frå det kuttet gå uavkorta til dei eldre?